

## Referat styremøte 2019

Møre og Romsdal Gjeterhundlag - MRGL

Styremøtet fann stad den 20.11.2019 klokka 20.30 - 22.20

Følgande møtte:

Merethe Hellevik (leiar)

Nils Edmund Stråmyr, skrivar

Maren-Ann H. Løvold, kasserar

Anne Katrin Melle, nestleiar

Sara Larsson, vara VSG

### SAKER:

#### **SAK 5/19 ; Representant til gjetarhundrådet frå region Midt**

Det var først litt diskusjon omkring valordninga som vi fekk skissert. Vi forstår det slik at kvart av dei tre fylkeslaga av NSG i region Midt skal foreslå sin representant til gjetarhundrådet i NSG og så bli einige om en frå region Midt.

Vi ser det som positivt at MRSG ved leiaren ber om framlegg frå MRGL i denne saka.

Eit namn som først kom fram var Knut-Jørgen Oseberg frå Syvde. Han er 42 år, driv gard med 190 vfs og han har i tillegg gris. Han kombinerer gardsdrift med jobb som dykker. Knut-Jørgen er aktiv med gjetarhund, er gjetarhundinstruktør og held på med siste del av gjetarhunddommarutdanninga si.

Vedtak:

**Leiaren skriv til MRSG v/Ronald Slemmen ang. vårt innspel på Knut-Jørgen Oseberg som ny representant til gjetarhundrådet frå region Midt.**

#### **SAK 6/19; Fellesmøte mellom styra i MRGL og Møre og Romsdal Sau og Geit. Akt.saker.**

Det kom fram eit sterkt ynskje om å få til eit fellesmøte. Leiaren sendte i august eit brev til MRSG med synspunkt på det å betre informasjonen mellom styra. Framlegg til agenda:

- Rollefordeling/kommunikasjon.
- Om leiar i MRGL skal møte fast på styremøta til MRSG, og/eller ha fast plass i styret.
- Kontaktperson innmelding av gjetarhundprøver, styret i MRGL ynskjer fri innmelding.
- Økonomi i MRGL, Laget bør ha eigarskap til kontoen sin. Tungvindt slik det er no.

Vedtak:

**Leiaren gir tilbakemelding til MRSG v/Ronald Slemmen med forslag om møte på Systra på Sjøholt 11 eller 12 januar klokka 13.**

### **SAK 7/19; Revisjon av uttaksreglar.**

Det kom frå både VSG og ISG fram eit sterkt ynskje om å revidere uttaksreglane til NM. Grunngevinga var m.a. at uttaksprøvene må vere mest mulig lik ei NM prøve. Motargument var lokal rekruttering og øving i prøvearrangering i det einskilde lokallag.

Styret ser at dette er ei sak som må opp på årsmøtet til MRGL.

Vedtak:

**Styret gjev framlegg til årsmøtet i MRGL om at uttaksreglane for NM deltaking vert endra.**

**Resultata frå to helger i Norgesserien samt FM i Mog R, til saman fem prøver, der dei tre beste tel til utttaket. Poengskalaen frå norgesserien nyttast. Fylkesmeister IKKJE direkte kvalifisert.**

**Dommer av fylkesmeisterskapen skal ikkje vere heimehøyrande i fylket.**

**Prosentsatsen ang. brot i ei prøve for å kunne godkjennast til uttaksprøve vert å stryke.**

### **SAK 8/19; Økonomien i MRGL**

Saldoen på lagskontoen pr.dd. er kr 57863.

Vedtak:

**Styret tek opplysninga til vitande. Gjere framlegg til MRSB om å få tilsendt kopi av årsoppgåva.**

### **SAK 9/19; Dato for årsmøte i MRGL**

Det kom framlegg om å halde årsmøtet ei veke før årsmøtet i MRSB. Systra kafe på Sjøholt har vore ein grei møtestad dei siste åra, og forslaget går på dette i år og.

Vedtak:

**Styret tek kontakt med MRSB for å få rede på dato for deira årsmøte. MRGL sitt årsmøte vert helga før.**

### **SAK 10/19; Diplom for oppnådd bruksprov**

Vi ser at einskilde gjetarhundlag skriv ut diplom til ekvipasjar som oppnår bruksprov. Dette kan vere eit synleg bevis på det som er oppnådd, og ei påskjøning for innsatsen. Tanken er så at lokallaga får tilsendt ein mal som dei utferdar sjølv. Denne kjem ikkje i staden for bruksprov-kortet.

Vedtak:

**Styret ynskjer å få utarbeidd eit framlegg til diplom der logoen til MRGL er med, «Godkjent gjetarhund», reg.nr, namn, fører, dato, stad, dommer. Sekretær lagar framlegg.**

Møtet heva klokka 22.20